



2026/2331-5

11.05.2026

## Bakgrunn: Justering av gebyrregulativ

Parallelt med utarbeiding av strategiplan og serviceerklæring for plan og byggesaksarbeidet som oppdrag til ekstern konsulent skal kommuneadministrasjonen sjølv gjennomføre kartlegging og analyse av gebyrregulativet.

Arbeidet er sett i gang og resultatene vil bli sendt oppdragstakeren for strategiplanen når dei ligg føre, venteleg i løpet av sommaren 2026.

Dette er oppdragsskildringa frå kommunedirektøren til Sektor Samfunnsutvikling:

### Gebyrregulativ

Kommunedirektøren ber om at arbeidet med justering av gebyrregulativ vert intensivert.

#### A) Kartlegging og analyse

Det skal gjennomførast ei kartlegging av:

- Gebyrnivå i Kvinnherad, samanlikna med relevante kommunar
- Kostnadsutvikling dei siste åra sett opp mot inntektsutvikling
- samanlikning av prisnivå og innretning av gebyrregulativ med andre kommunar.

#### B) Årsaksanalyse og tiltak

Analysen skal danne grunnlag for vurdering av:

- Endring i gebyrnivå
- Endra innretning av gebyrregulativet for å stimulere til auka aktivitet